

## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 11.06.2026  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** **Lillianne Jæger Vestbøstad**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

### Innkallinga er sendt til:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Eli-Johanne Rønnekleiv	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene: Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit Arild Steinsland, vara for soknepresten Rune Helland, vara for kommunal representant	

Fitjar, 5. juni 2026

Mette Elisabeth Lambach  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjeverje

2026-06-11

**Sakliste:**

<b>SAK</b>	<b>TITTEL</b>	<b>KOMMUNAL REPR.</b>
2026/43	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2026/44	Godkjenning av referat frå møte den 21. mai 2026	X
2026/45	Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2026/46	Rekneskapsrapport for perioden januar - april 2026	X
2026/47	Søknad om permisjon - fullmakt til arbeidsutvalet	X
2026/48	Sommarfullmakt til arbeidsutvalet	X
2026/49	Oppsummering etter kyrkjelyden sitt årsmøte	X
2026/50	Høyring om plan for kyrkjeleg undervisning og læring	
2026/51	Organisering av frivillige i kyrkjelyden	
2026/52	Felles gravferdsordning for prestane på Stordøya	
2026/53	Meldingar	X
2026/54	Open post	X

**Vedlegg**

1. Rekneskapsrapport for Fitjar sokn, januar – april 2026

### **Sak 2026/43 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

### **Sak 2026/44 Referat frå møte den 21. mai 2026**

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møte den 21. mai 2026.

### **Sak 2026/45 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden**

På møtet vil soknepresten orientera om gudstenester og andre aktivitetar i kyrkjelyden sidan sist møte, samt aktivitetar som skal gjennomførast i kyrkjelyden i tida som kjem.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2026/46 Rekneskapsrapport for perioden januar - april 2026**

Fitjar sokn sin rekneskap for 2026 er no ferdig ført fram til april 2026. I den vedlagde rapporten kjem det fram inntekter og kostnader fordelt på dei ulike avdelingane. I kolonnen som heiter Budsjett 1 er budsjettet periodisert til den tida på året som me reknar med at inntektene og kostnadane kjem. Det periodiserte budsjettet kan gje eit feil bilde dersom ein kostnad eller ei inntekt kjem før eller etter det som er føresett i budsjettet.

I år er det to investingsprosjekt som høyrer til gravplassen. Det gjeld kjøp av gravemaskin og etablering av minnelund og retningsbestemte graver. Kostnadane med desse investeringane vert ført i driftsrekneskapen gjennom året, for deretter å verta ført over til balansen.

Etter å ha gått gjennom rapporten meiner eg at budsjettet ikkje treng å justerast. Den største kostnaden som gjeld løn, ser ut til å stemma godt i forhold til budsjettet. Andre postar som har større utslag mellom budsjett og rekneskap vil retta seg gjennom året.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek rekneskapsrapport for perioden januar – april 2026 til orientering.

### **Sak 2026/47 Søknad om permisjon - fullmakt til arbeidsutvalet**

Elisabeth Søndena Oma, som er tilsett i 40 % stilling som kontormedarbeidar, har søkt om permisjon frå heile stillinga i eitt år frå 1.9.2026 -31.8.2027. Det vil verta orientert nærare om grunnlaget for søknaden på møtet.

Sidan me går mot ferie og ein evt. permisjon alt skal ta til i haust, hastar det for både arbeidstakar og arbeidsgjevar å få ei rask avklaring av søknaden. Det er fleire forhold som må avklarast nærare og behandlast på ein god måte for å avklara søknaden. For å ivareta dette, ynskjer soknerådet sitt arbeidsutval at rådet gjev dei fullmakt til å avgjera permisjonsøknaden og få på plass ei tenleg vikarordning dersom søknaden vert innvilga.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Soknerådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å avgjera permisjonssøknaden frå Elisabeth Søndena Oma.
2. Dersom søknaden om permisjon vert innvilga, får arbeidsutvalet fullmakt til å få på plass ei tenleg vikarordning.

### **Sak 2026/48 Sommarfullmakt til arbeidsutvalet**

Sokerådet har siste møte før sommaren den 11. juni og det første møte etter ferien den 17. september. I ferien kan det vera vanskeleg å samla rådet dersom det er hastesaker som treng vedtak. Difor kan det vera på sin plass at AU får fullmakt til å avgjera saker der kyrkjeverja ikkje er tildelt fullmakt. Skulle det komma til større prinsipielle saker, må desse avgjerast av soknerådet sjølv.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Soknerådet gjev AU fullmakt til å avgjera saker på vegner av rådet i tida 11. juni – 17. september 2026.
2. Større prinsipielle saker skal avgjerast av rådet sjølv.
3. Alle saker som er avgjort etter denne fullmakta skal rapporterast til rådet på første møtet etter ferien.

### **Sak 2026/49 Oppsummering etter kyrkjelyden sitt årsmøte**

Sidan dette soknerådsmøtet vert halde få dagar etter kyrkjelyden sitt årsmøte, kan det vera greitt at rådet brukar litt tid på å oppsummera det som kom fram på møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.

### **Sak 2026/50 Høyring om plan for kyrkjeleg undervisning og læring**

Kyrkjerådet sende i april ut forslag til rammeplanar og rettleiande lister for kyrkjeleg undervisning og læring i Den norske kyrkja, på høyring. Fitjar sokneråd er inviterte til å ta del i høyringa som har frist den 15. september 2026. Hos oss vil det vera ei god ordning om vårt eige trusopplæringsutval kan ta på seg å utarbeida høyringssvar på vegner av soknerådet. Høyringa er lagt opp til at det skal svarast på ei rekkje spørsmål utfrå eit skjema.

Sidan soknerådet ikkje skal ha møte før den 17. september kan soknerådet gje fullmakt til trusopplæringsutvalet å senda inn høyringsvaret. Dersom soknerådet sjølv vil vedta og senda inn høyringssvaret, vil eg tur at det er råd å få nokre dagar utsetjing hos Kyrkjerådet.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Soknerådet ynskjer at trusopplæringsutvalet utarbeider Fitjar sokn sitt høyringsvar på «forslag til rammeplanar og rettleiande listerfor kyrkjeleg undervisning og læring i Den norske kyrkja».
2. Trusopplæringsutvalet kan knyta til seg dei personane dei måtte ynskja i samband med arbeidet.
3. Trusopplæringsutvalet får fullmakt til å senda inn høyringssvaret på vegner av soknerådet.

### **Sak 2026/51 Organisering av frivillige i kyrkjelyden**

På siste møte tok Håkon Rydland Sæbø opp korleis soknerådet på best muleg vis måte kan organisera det frivillige arbeidet i kyrkjelyden. Dette er eit stort og viktig tema som soknerådet bør setja av god tid til å drøfta for å finna gode løysingar. AU ynskjer at ei arbeidsgruppe frå soknerådet kan førebu ei sak til første soknerådsmøte til hausten.

### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet oppnemner desse som arbeidsgruppe for å førebu ei sak om organisering av det frivillige arbeidet i kyrkjelyden:

1. \_\_\_\_\_
2. \_\_\_\_\_
3. \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ får ansvar for å kalla inn til første møte.

### **Sak 2026/52 Felles gravferds- og vigselfordning for prestane på Stordøya**

Hausten 2025 etablerte prosten i Sunnhordland ei ordning der dei tre prestane på Stord og soknepresten i Fitjar går inn i ein turnus for gravferder og vigselfer. Ordninga går ut på at kvar prest har vakt kvar fjerde veka og skal kunna ta inntil tre gravferder denne veka. Sørgesamtalar som høyrer til kjem gjerne veka før gravferda skal heldast.

Soknerådet i Fitjar var ikkje involvert i prosessen då ordninga vart etablert, men både rådet og staben på kyrkjekontoret har merknader til ordninga slik den fungerer no. Tenesteplanen for prestane er alt sett opp for 2. halvår 2026. Ei evaluering av ordninga bør starta tidleg på hausten, slik at evt. endringar kan komma med når det skal setjast opp tenesteplan for 2027.

AU ynskjer å få ei fullmakt frå soknerådet for å senda eit brev til prosten, der Fitjar sine erfaringar med ordninga så langt vert omtala. Brevet kan fylgjast opp med eit møte mellom prosten og soknerådet sitt AU for å drøfta saka meir inngående.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet gjev AU fullmakt til å gå i dialog med prosten, for å leggja fram Fitjar sine erfaringa med den felles gravferdsordninga for Stordøya.

### **Sak 2026/53 Meldingar**

På møtet vil det bli orientert om desse sakene:

- a) Status for arbeid med nye gravfelt (Harald)
- b) Planlagde vedlikehaldsprosjekt i 2026 (Harald)
- c) Nytt rekkverk i kortrappa (Harald)
- d) Arbeid med «Kyrkja vår» og soknerådet sitt strategidokument (Eli Johanne)

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til vitande

### **Sak 2026/54 Open post**

#### **Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka